

# NAUSTDAL KOMMUNE

## SAKSUTGREIING

### SAKSGANG

| Utval                 | Møtedato   | Saksnr. | Sakshandsamar |
|-----------------------|------------|---------|---------------|
| KOMITE FOR LANDBRUK - | 05.03.2015 |         | HE            |
| TEKNIKK OG MILJØ      |            |         |               |
| FORMANNSKAPET         | 05.03.2015 |         | HE            |

|                           |                          |                     |
|---------------------------|--------------------------|---------------------|
| Saksansv.: Harald Eikenes | Arkiv: K2-S11<br>Objekt: | Arkivsaknr<br>15/99 |
|                           |                          |                     |
|                           | Avgjerd av:              |                     |

### Øvre Redal kraftverk i Naustdal kommune- uttale til søknad om løyve til bygging

#### Vedlegg:

| Nr | T | Dok.dato   | Avsender/Mottakar                 | Tittel                                                                                               |
|----|---|------------|-----------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1  | I | 30.06.2014 | NVE                               | Oppstart småkraftpakke<br>Førde/Askvoll/Naustdal                                                     |
| 2  | I | 19.11.2014 | NVE                               | Høringsbrev småkraftpakke Askvoll-<br>Førde. NVEs referanse: 201005583-14                            |
| 3  | I | 23.01.2015 | Sogn og Fjordane<br>fylkeskommune | Uttale til søknader om løyve til å<br>bygge 12 småkraftverk i Askvoll,<br>Førde og Naustdal kommuner |
| 4  | I | 09.02.2015 | Sogn og Fjordane<br>fylkeskommune | Uttale til søknader om løyve til å<br>bygge 12 småkraftverk i Askvoll,<br>Førde og Naustdal kommuner |

**Andre saksdokument (ikkje vedlagt):**

**Saksopplysningar:**

Øvre Redal er eitt av 12 kraftverk i ein pakke som er sende på høyring.

NVE har omtalt dette prosjektet slik:

**Øvre Redal kraftverk – Øvre Redal Kraft AS – Naustdal kommune**

Øvre Redal kraftverk vil nytte eit fall på 420 m i Leiteelva med inntak på kote 480 og kraftstasjon på kote 60. Det søkast også om å overføre vatn frå Stølselva til Leiteelva. Overføringa er planlagt med ein kombinasjon av røyrgate på 300 m og ein frittrennande bekk. Vassvegen på om lag 1350 m er planlagt nedgraven/nedsprengd på heile strekninga. For tilkomst til inntaket er det planlagt ein 1500 m ny veg. Middelvassføringa er 276 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 500 l/s.

Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,7 MW og etter planane gje ein produksjon på 5,5 GWh.

Utbyg

ginga vil føre til redusert vassføring på ei 1570 m lang elvestrekning i Leiteelva og på 300 m i Stølselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 20 l/s frå inntaket i Leiteelva og 6 l/s frå inntaket i Stølselva heile året.

Det er henta inn vurderingar frå fagleiar for skog og utmarksforvalting i Naustdal kommune ved utarbeiding av konsesjonssøknaden.

Det er ikkje opplysningar om spesielle naturtypar som blir skadelidande ved inngrepet.

**Vurdering:**

Ved handsaminga er det lagt til grunn at tiltaket ikkje rører ved registrerte naturtypar eller kulturminne i offentlege register. Vassdragsinngrepet rører heller ikkje ved verdiar som er beskrive i regional plan for vassdrag, etter det Rådmannen kan sjå.

Rådmannen vurderer at inngrepa ved denne kraftutbygginga vil vere relativt lite synlege frå stader der folk ferdast vanlegvis.

Betre tilgjenge til noko av området kan vege opp for nokre ulemper ved tap av naturkvalitet.

Rådmannen vurderer at samfunnsnytte og privat interesse knytt til kraftutbygging i dette tilfellet bør vurderast å vege tyngre enn eit avgrensa tap i høve naturkvalitet.

**TILRÅDING:**

Naustdal formannskap tilrår at det blir gitt løyve til utbygging av Øvre Redal kraftverk, med dei vilkåra som er skissert i høyringsbrev datert 19.11.2014.